

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JANUAR 2005.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Hans Gisle Holstad

Leiar ungdoms

utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Vigdis Riise

## Fødselsdager i januar:

Svein Egil Kleppe 05.01

Hans Gisle Holstad 07.01

Vigdis Riise 14.01

Anders Riise 25.01

## 100%frammøte i januar 2005:

Ingar Bigset, Johs J Hareide, Sverre Bjåstad, Johan Ole Brandal, Sigbjørn Haddal, Hans G Holstad, Jon Jarle Holstad, Arve Røyseth, Jan H Nytun, Åge Nytun, Jan Rise, Elias Sellevold, Arne G. Grimstad, Einar Holm, Jarle Klungsøyr, Trygve Riise.

Frammøte 82,6%

## DEI GAMLE KVINNENE

**Sterkare enn alle**

**er dei gamle kvinnene**

**dei kan bere sju vaksne søner**

**på strakt hjarta**

**løfte opp ein fallen sjømann**

**med sine krokete fingrar**

**falda i bøn**

**utan å klage**

**kan dei vake under vekta av**

**ein gjennomsnitts småby**

**med blytunge sorger**

**som søv.**

**Sterkare enn alt i verden**

**er dei gamle kvinnene**

**dei lever av luft og einsemd**

**riv av kalenderen med stor ro**

**og greier nesten**

**å overvinne døden.**

---

*Åse-Marie Nesse*

## ***Månadsbrev Hareid Rotaryklubb - Januar 2005***

*Referent: Vigdis Riise*

### **Møte 3. januar.**

Første møtet i år med ønske om eit godt nytt år og der presidenten heldt orientering om planar vidare utover i 2005 som er eit spesielt år både for Rotary internasjonalt og for vår klubb lokalt.

23. februar i år vert det 100 år sidan Paul Percy Harris tok initiativ til det første møtet i Rotary som vart halde i Chicago i U.S.A. og i år er det dessutan 40 år sidan Hareid Rotary vart skipa.

Komiteleiarane diskuterte oppgåver og la fram planar som skal løysast og arbeidast med i det komande året.

Hans Gisle Holstad som fyller 60 år 7. januar fekk overreikt vakker bukett frå president Ingar Bigset.

### **Møte 10. januar.**

Presidenten opna møtet og orienterte litt om nytt sidan sist og kunne også dette møtet gratulere med ein flott tulipanbukett til Vigdis Riise som fyller 60 år 14. januar.

Deretter presenterte han dagens gjest som var Eva Urke Bigset som er tilsett i Oppvekstetaten i Hareid kommune.

Ho er no engasjert i ei interkommunal prosjektgruppe som skal arbeide med rusførebyggande tiltak og tiltak innan mobbing og den såkalla OLWEUS modellen.. Prosjektgruppa er samansett av medlemmer frå Sande, Herøy, Ulstein og Hareid og der Elin Almestad frå Herøy er leiar.

Fokus skal setjast både på born, ungdom og foreldre. Satsingsområda er spreidde frå helsestasjon m. opplysning til svangre mødrer, barnehagar, barneskular, og fokus på ungdomsgrupper.

Dei vil også setje fokus på omgrepet "ansvarleg vertskap" d.v.s

skjenkebedriftene og kanskje også butikkar som sel alkohol.

### **Møte 17. januar.**

Etter at møtet var opna med allsong og meldingar frå presidenten fekk Oskar Grimstad ordet.

Oskar har teke initiativ til skiping av Hareid Næringsforum og heldt ei grei orientering om organiseringa og kva planar dei har framover.

Hareid Næringsforum har medlemmer både frå handelsbedriftene og industrien i Hareid.

### **Møte 24. januar.**

Presidenten ønskte vel møtt til nytt møte, og kunne presentere kveldens gjest som denne gongen var Per Sture Mork som heldt innlegg om fiskeoppdrettsbedrifta Branco som held til i Brandal og driv med torskeoppdrett.

Mork heldt eit engasjerande foredrag der vi fekk høyre både om store og mange ufordringar i ei spennande næring som no er i vekst.

Etter foredraget vart det stilt fleire spørsmål frå ei engasjert forsamling.

### **Møte 31. januar.**

Som vanleg var siste møte i månaden programfritt og praten gjekk lett rundt borda og med siste frist til å melde seg på til jubileumsfesten på Ulstein Hotell der Rotaryklubbane frå Volda, Ørsta, Herøy, Ulstein og Hareid skal møtast til godt program og god mat laurdag den 26. februar.